


Vindafjord kommune
v/Ingrid Johannesen

Avgrensing av masseuttak i Tordalen gnr. 319 bnr. 5 – Vindafjord kommune

Innleiing

Viser til oppstartsmøte i samband med detaljregulering av masseuttak i Tordalen i Vikebygd i Vindafjord kommune. Omega Areal as er engasjert av grunneigar Ståle Jordal til å utarbeide planforslag for eit område som i kommuneplanen er sett av til masseuttak.

Det aktuelle området var gjenstand for mekling under sist kommuneplanrevisjon då Fylkesmannen fremma motsegn til området som først var sett av til masseuttak. Gjennom mekling vart det semd om ei avgrensing av masseuttaket, som vist med blå strek på utsnittet under:





Utsnitt av kommuneplan ved første gongs handsaming, der ny avgrensing er teikna inn med blå stipla strek.

I kommuneplanen er det avsette arealet til masseuttak 28 daa. Grunneigar har eit ynskje om å flytte området eit stykke mot nord og utvide arealet til 36 daa. Før vi går i gong med å varsle oppstart av planarbeidet vart vi i oppstartsmøtet samde med kommunen om at tiltakshavar skulle utarbeide eit grunnlag for vidare vurdering av avgrensinga.

Ynskja tiltak

På kartet nedanunder er ynskja avgrensing av masseuttaket vist med svart stipla strek, medan arealet som er sett av i gjeldande kommuneplan er vist med raud farge. Området som er vist med blå stipla strek omfattar i dag ferdig opparbeida vegareal. Sjå flyfoto nedanunder.


Den føreslådde avgrensinga omfattar areal til masseuttak. Når ein kjem til å fastsette planavgrensing, legg vi til grunn at vi vil inkludere noko meir areal til blant anna tilkomstveg frå fylkesvegen (det blå området), samt buffersoner rundt uttaksområdet. Plangrensa vil difor truleg verte noko større.




Grunngjeving

Det vert av tiltakshavar opplyst om at sørlege delar av området som er sett av i kommuneplanen er lite eigna til masseuttak då det ligg mykje lausmassar i dette området i dag, i tillegg til at området har ei smal form som vanskeleggjer etablering av fallhyller/terrassering av eit masseuttak. For tiltakshavar er det viktig å ha tilstrekkeleg areal til at ein kan etablere eit arealeffektivt masseuttak, og at det finst flatare områder der ein kan lagre massar før utkøyring. Langs avgrensinga i aust frå nord til sør finn ein flatare parti til nettopp dette.

Snitt nedanunder viser korleis masseuttaket vil ligge i terrenget, fullt utnytta med planlagt planeringshøgde på kote +82,0.



Snitt aust-vest viser dalen der fylkesvegen går i ca profil 350 (lågaste punkt, ca. 60 moh)



Snitt nord-sør viser Kråkenuten i profil 0, med høgde 201 moh.

Landskapspåverknad


Som snitta viser vil masseuttaket krevje betydelege landskapsinngrep. Likevel vil det vere høgare fjelltoppar i dei ulike retningane som vil redusere landskapspåverknaden. Situasjonen vil vere den same dersom ein hadde nytta avgrensinga som er sett i kommuneplanen, då fjellryggen held fram med same høgd heile vegen nordover i det utvida området. Den nye avgrensinga ligg like sør før det høgaste punktet, slik at det vert skjerma mot sjøen som ligg eit stykke nord for området.

Kulturminne og naturmangfald

Det er ikkje registrert utvalde naturtypar, prioriterte artar, svarteliste- eller raudlisteartar innanfor planområdet i tilgjengelege kartbasar som kan verte råka av tiltaket. Det er heller ikkje registrert kulturminne innanfor området.

Jord og skogbruk

I følgje NIBIO sine markskagkart (AS5) ligg området delvis innanfor areal med høg og særst høg bonitet. Treslagskart viser at området består for det meste av blandingsskog, men og nokre mindre deler av barskog og lauvskog.



Med justeringa av områdeavgrensinga for masseuttaket vil noko av arealet i sør med særst høg, og høg bonitet bevarast. Utviding av området mot nord, går for det meste over areal med uproduktiv skog, men og noko skog med høg og særst høg bonitet.

Konsekvensane for jord og skogbruksinteressene av å justere området vert vurdert som akseptable, då det berre er snakk om små endringar jf. det området som allereie er avsett til masseuttak i kommuneplanen. Tiltakshavar av planen er grunneigar i det avsette området, og det er ikkje andre som har skogs- eller landbruksinteresser som vert råka av tiltaket. Etablering av masseuttak vil gi grunnlag for arbeidsplassar i eit område der det er lite arbeidstilbod frå før, og nært opp til der tiltakshavar sjølv bur.

Friluftsliv

Området vert ikkje nytta til friluftsliv. Terrenget er bratt, noko som vanskeleggjer tilkomst i området.

Trafikk og støy

Ei utvikling av masseuttak i området vil skape auka tungtransport på fylkesvegen som går forbi området, og dette gjeld for begge avgrensingane. Eit større område vil medføre moglegheit for utvinning av meir massar- og meir transport, men uttaksmengdene vil vere avhengig av etterspurnaden. Etterspurnaden vil vere den same, og eit større område vil difor truleg berre gi lengre levetid for masseuttaket.

Massane vil i følgje tiltakshavar truleg verte nytta i nærleiken, enten i Vik, Skjold eller på Bjoa. Trafikkavviklinga som følgje av etablering av masseuttak er konsekvensutgreidd i samband med kommuneplanen og vurdert å ha negativ konsekvens (-1). Trafikkavvikling og støy er tema som er viktige for det vidare planarbeidet, og vert vurdert som uavhengig av om området har den eine eller andre avgrensinga. Ein vil då komme fram til om eventuelle avbøtande tiltak når det gjeld støy og trafikksikring.

Krav om konsekvensutgreiing i kommuneplanen

I gjeldande kommuneplan §1.12 – byggeområde råstoffutvinning gjeld:

§ 1.12 Byggeområde - råstoffutvinning

I tillegg til pkt. 1 gjeld:

- a. I nye område og ved utviding av eksisterande område for råstoffutvinning er det krav om godkjent reguleringsplan med konsekvensutgreiing før oppstart av uttak, jf. PBL § 4-2 andre ledd.

I kommuneplanen er det altså sett krav om konsekvensutgreiing i samband med regulering av masseuttak. I Forskrift om konsekvensutgreiing, er det lista opp tiltak som alltid krev planprogram, og tiltak der det ikkje er krav til planprogram. I Forskriftas vedlegg I er tiltak som alltid skal konsekvensutgreiast og ha planprogram eller melding lista opp. Punkt 19 omfattar masseuttak:

19.	Uttak av malmer, mineraler, stein, grus, sand, leire eller andre masser dersom minst 200 dekar samlet overflate blir berørt eller samlet uttak omfattar mer enn 2 millioner m ³ masse, eller uttak av torv på et område større enn 200 dekar. Mindre tiltak omfattes av vedlegg II nr. 2a.	Planmyndigheten. Plan- og bygningsloven. Direktoratet for mineralforvaltning er ansvarlig myndighet for større uttak av mineralressurser dersom planmyndigheten ønsker dette.
-----	---	---

Vi har i denne samanheng berekna antatt maksimalt uttak i det føreslådde området. Tabellen under viser det totale volumet dersom masseuttaket vert fullt utnytta:

powel		Masserapport						
Prosjekt fil:	Grop1.efi							
Prosjekt info.:	0 Alle							
Balanse regnskap:	0 Alle							
NS3420	Beskrivelse	Massetype	Beregningstype:	Balansef	Fast masse	Enhet:	Korr. faktor	Totalt korrigert:
F32	Graving av groper og renner	1: Skjæring	Volum	1,10	10373,586	m3	0,999988	11410,945
G13	Sprengning av byggegrop og skjæ	3: Sprengn	Volum	1,60	864110,683	m3	0,999988	1382577,092
F41	Masseflytting	6: Fylling	Volum	-1,40	652,423	m3	0,999988	-913,392
								1393074,645
Lagnavn								
Gemini Teoretisk 0: Overflate								

Berekninga viser at samla uttak i det aktuelle området vil bli ca. 1,39 millionar m³. Dette er lågare enn det volumet som er sett i punkt 19 i KU forskrifta, og følgeleg vert det vurdert at masseuttaket ikkje fell inn under dette punktet. Tiltaket fell inn under nr. 2a i vedlegg II:

2. UTVINNINGSIKDUSTRU

a) Mineraluttak, herunder torvskjæring.

Planmyndigheten. Plan- og bygningsloven.

Verknadane av masseuttaket er konsekvensutgreidd i samband med kommuneplanen. Det er der ikkje avdekka vesentlege verknadar for miljø eller samfunn. Basert på våre vurderingar i høve dei ulike tema ovanfor ser vi ikkje at ei justering av avgrensinga vil føre til vesentlege endringar av tidlegare vurderingar. Tilhøva vil bli tilnærma dei same for alle tema.

Forskriftas §6 sett krav til planprogram for visse tiltak, med dette gjeld ikkje for tiltak som er omfatta av punkt 2 a) i vedlegg II, jf. §8. Følgeleg er det ikkje krav til planprogram i samband med denne reguleringsplanen.

Det kan nemnast at Omega Areal as har utarbeida reguleringsplanar med planprogram og KU for to andre masseuttak i Vindafjord kommune. For fastsetjing av utgreiingstema i KU'en i denne detaljreguleringa, vil vi vil ta utgangspunkt i dei tema som er vurdert i desse planane.


Vi håpar med dette at kommunen tek saka vidare, slik at vi kan få ei snarleg avklaring for områdeavgrensinga og kan komme i gong med planarbeidet.

Med venleg helsing

Omega Areal as
v/ Kjerstina Særsten

Vedlegg:

- 1 Avgrensing masseuttak
- 2 Avgrensing masseuttak med flyfoto
- 3 Byggegropp - masseberekning
- 4 Snitt - masseuttak




6618600


6618400

6618200

Areal 36 daa

306800






6618600


6618400

6618200



Areal 36 daa

306800



Masserapport




Prosjekt fil: Grop1.efi
 Prosjekt info.:
 Balanse regnskap: 0 Alle

NS3420	Beskrivelse	Massetyp	Beregningstype:	Balansef	Fast masse	Enhet:	Korr. faktor	Totalt korrigert:
F32	Graving av groper og renner	1: Skjæring	Volum	1,10	10373,586	m3	0,999988	11410,945
G13	Sprengning av byggegrop og skjæ	3: Sprengn	Volum	1,60	864110,683	m3	0,999988	1382577,092
F41	Masseflytting	6: Fylling	Volum	-1,40	652,423	m3	0,999988	-913,392
								1393074,645

Lagnavn

Gemini Teoretisk 0: Overflate

Tordalen masseuttak, gnr./bnr. 319/5				Vikevegen, Vindafjord kommune	
Dato	Konstr. regnet	Godkjent	Målestokk		
03.01.2018			1:2000		
Byggegropp - masseberegning				Erstattet for:	Erstattet av:
				902	
Henviisning:			Beregning:		



Tordalen masseuttak, gnr./bnr. 319/5				
Vikevegen, Vindafjord kommune				
Dato	Konstr./tegnet	Godkjent	Målestokk	Erstatning for: Erstattet av:
09.01.2018			1:2000	
Masseuttak - Snitt				903
Henvising:		Beregning:		